



Tomta får snart ei grøn innramming. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utsjånaden til Børnes Industriområde har vore eit aktuelt tema lenge. Kommunen tok endeleg skikkeleg tak i den ålvorlege forsøplinga der og i den seinare tid har det skjedd gledelige ting på området. Det gjeld særleg på den 2,2 mål store tomta til Kvinnherad Byggutvikling & Elektroservice.



Haugland Maskin har gjort ein god jobb. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av dei ansatte, Egil Heimvik, spela rolla som landskapsarkitekt og etter rundt ei veker jobb har Haugland Maskin gjort ein jobb som det står all ære av. Ikkje berre er det laga ei innramming av eigedomen som om få veker vil bli grøn - det er også laga ein fin 'presentasjonsplass' på utsida.



På utsida, med panoramautsikt mot fjorden, er det laga ein flott presentasjonsplass. På den står dagleg leiar Lars L. Øyjord. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Her vil vi presentera nokre av dei steinprodukta vi no startar import av frå Kina, opplyser dagleg leiar Lars L. Øyjord til uskedalen.no.

Men den store og grundige presentasjonen av desse produkta vil skje i rubbhallen som også snart skal rustast opp med ny duk.

Store delar av tomta er no grusa, men til neste år blir det aktuelt med asfaltering.

Det firmaet no har gjort på eigedomen sin er ei kraftig utfordring også for andre tomteeigarar på Børnes - og det som er skjedd fortener ikkje minst ros frå kommunalt hald!

Av Ola Matti Mathisen